

RUTINAR FOR HEIM-SKULESAMARBEIDET VED SKJOLD SKULE

1. Samarbeid om enkelteleven:

- Det skal vera to konferansar kvart år. Det skal setjast av minimum 30 minutt til kvar elev.
- Kontaktlærar kallar inn til konferansen seinast ei veke på førehand.
- Det blir lagt opp til at elevane kan vera med frå dei startar på mellomtrinnet, på ungdomstrinnet blir det teke som ein sjølvsgagt føresetnad at eleven er med på konferansen. På småskuletrinnet kan lærar avgjera om dei vil invitera elevane med.
- Det er alltid høve for føresette til å kontakta skulen og be om ekstra samtale på andre tider. Då skal konferansen normalt liggja innanfor vanleg arbeidstid.
- Det blir sendt heim karakterutskrift til foreldre minimum to gonger i året, i tillegg skal alle klassetrinn ha rutinar som gjer at foreldra blir informert om ordens- og åtferdsendingar, faglege resultat, m.m. minst tre gonger i halvåret.
- Når eit barn har foreldre som ikkje bur saman, kan foreldra be om at informasjon blir sendt begge foreldra. Dette gjeld innkalling til møter, referat, informasjons-skriv frå skulen eller klassen, og eventuelle skriv som gjeld den enkelte eleven. Lekseplanar, vekeplanar og lappar med småopplysningar som t.d. kva ein skal ha med seg, noko som skjer neste dag, og liknande, blir normalt berre sendt i sekken til den eleven bur hos.

2. Samarbeid om klassen:

- Det skal vera to trinnforeldremøte i året. Det eine møtet kan vera saman med andre trinn, men det skal då også vera sett av minimum ein halv time til eigne saker. Møtet om hausten skal vera avvikla innan utgangen av oktober, vårmøtet innan utgangen av mars.
- Klassekontaktane og kontaktlæraren skal samarbeida om sakslista og programmet for møtet.
- Klassekontaktane har ansvaret for at det blir ei matøkt på møtet
- Kontaktlæraren har ansvar for innkallinga, og for at det blir skrive referat under møtet. Referatet blir sendt til alle foreldra og til rektor.
- Kontaktlæraren og klassekontaktane blir einige om møteleiinga.
- På alle møta skal det psykososiale læringsmiljøet vera tema. Det skal orienterast om om arbeidet i klassen, og om dei viktigaste planane framover. Andre tema som kan vera aktuelle: Særskilde hendingar i klassen, saker skulen ynskjer å ta opp, tema som kommunen ynskjer å ta opp, eller foreldretema som gjeld aldersgruppa sjølv om dette ikkje er relatert til skule. I tillegg bør det på kvart møte leggjast fram ein plan over dei tiltaka som foreldre kan involverast i det næraste halvåret (ekskursjonar og turar, aktivitetsdagar, juleverkstad, m.m.)

3. Særskilde foreldre-oppgåver knytt til klassetrinn

- 1.kl.: Fordeling av årstidsgrupper for småskuletida. Drøfta om det skal dannast familiegrupper.
- 4.kl.: Julefesten / haustfesten for småskulen
- 6.kl.: Julefesten / haustfesten for mellomtrinnet
- 7.kl.: 17.mai-komiteen
- 8.kl.: Foreldreoppgåvene på juleballet.
- 9.kl.: Praktiske oppgåver rundt eksamensfest.
- 10.kl.: Praktiske oppgåver knytt til evt. avslutningsmarkering.

Skulen skipar til eigne møte for nye førsteklassar i samband med innskriving, sjuandeklassane i samband med overgang til ungdomsskule og tiandeklasse i samband med søknad til vidaregåande skule.

4. Klassekontaktar

- Det skal vera to klassekontaktar i kvar klasse. Det bør vera ein av kvart kjønn.
- Klassekontaktane er valde for to år, men slik at det blir vald ein ny kvart år, t.d. ved at det i 1.klasse blir vald ein mann for to år og ei kvinne for eit år. I 8.klasse blir det nyval i dei nye ungdomsskuleklassane. Her bør klassekontaktane ha bakgrunn frå ulike barneskular. Det skal i kvar klasse veljast ein vara for eit år.
- Val på klassekontaktar skjer på møtet om våren, slik at dei nye fungerer frå skulestart om hausten. Her vel ein også FAU-representant.
- Rektor tek ansvar for at alle klassekontaktane blir kalla inn til møte i august, saman med kontaktlærarane, der ein legg plan for heim-skulesamarbeidet for skuleåret.
- Klassekontaktane sine oppgåver:
 - vera føresette sin talsperson ovanfor skulen og kontaktlærar, i fellessaker for foreldre i klassen.
 - saman med lærarane arbeide for eit godt miljø i klassen, og for eit godt samarbeid mellom lærarar og foreldre.
 - samarbeida med kontaktlærar om foreldremøta.
 - samarbeida med kontaktlærar og andre foreldre om å laga tiltak som kan skapa godt klassemiljø.
 - syta for at dei oppgåvene som ligg til foreldre på dette klassetrinnet blir sett i gong.

5. Samarbeid om skulen

- Alle foreldre er etter opplæringslova medlemmer i "Foreldrerådet", som vel FAU (Foreldrerådets arbeidsutval).
- Medlemmene i FAU blir valde for 2 år, men slik at det blir valde nokre nye kvart år.
- Alle foreldre er valbare.
- FAU skal ha eitt medlem frå kvar klasse.
- På ungdomstrinnet bør medlemmene representera fleire bygder. Medlemmene i FAU har personlege varamedlemmer. Der det er naturleg, deler FAU seg i barnetrinn / ungdomstrinn. FAU-leiar eller rektor kan velja å berre kalla inn ein del av FAU, dersom dette er naturleg.
- Rektor kallar inn til første møte i FAU om hausten. Her blir det valt leiar og skrivar, og arbeidet blir organisert og planlagt for komande skuleår. Leiar kallar inn til seinare møte, men kan nytta kontoret på skulen til innkallinga. Rektor kan innkalla til møte etter drøfting med leiar.
- FAU sine oppgåver:
 - Fremja fellesinteressene til foreldra.
 - Medverka til at foreldre og elevar tek aktivt del i arbeidet for å skapa godt skulemiljø.
 - Arbeida for å skapa godt samhald mellom heimane og skulen
 - Skapa kontakt mellom skulen og lokalsamfunnet